



VERDSARV

Vestnorsk fjordlandskap

Aurland, 1. juli 2012.

Ny heilskapeleg verdsarvpolitikk – uttale frå Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap.

Kort innleiing

Vestnorsk fjordlandskap vart innskrive på UNESCO si verdsarvliste i juli 2005 som Noreg sin fyrste og til no, einaste naturarv. Verdsarvstatusen er fyrst og fremst tufta på geologi og geologiske prosessar over millionar av år, men busetnad og aktivitet i fortid og notid tilfører naturlandskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og forsterkar statusen.

UNESCO sin Verdsarvkomité slo vidare fast gjennom sitt vedtak fylgjande: ”*Vestnorsk fjordlandskap er klassiske, fortrinnsvis velutviklede fjorder og anses å være typelokalitet for verdens fjordlandskap. Området framviser alle elementer av landformer knyttet til de indre delene av to av verdens lengste og dypeste fjorder.*”

Nærøysfjord- og Geirangerfjordområdene regnes blant de aller vakreste fjordlandskapene på kloden.”

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap som vart etablert i januar 2006 har som si fremste oppgåve å arbeide for ivaretaking og fremjing av verdsarvstatusen tildelt Nærøysfjord- og Geirangerfjordområdet i fellesskap.

Rådet er samansett av ordførarane frå Stranda, Norrdal, Aurland, Vik, Voss og Lærdal kommunar, fylkesordførarane frå Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Hordaland samt fylkesmennene frå dei før nemnde fylka. Direktoratet for naturforvaltning, Riksantikvaren og Miljøverndepartementet har møte – og talerett. Rådet konstituerer seg sjølv med leiar og nestleiar for ein periode på to år. Leiinga av rådet vekslar mellom Nærøysfjord- og Geirangerfjordområdet. Rådssekretær er til ein kvar tid frå same delområde som leiaren.

Vestnorsk fjordlandskap er i norsk samanheng ein relativ stor verdsarv som inkluderer mange kommunar, ei rekkje verneområde i tillegg til busette grender og dalføre. Dette teiknar igjen eit særst variert landskap med omsyn til problemstillingar, utfordringar, ulike styresmakter sine oppgåver og ansvar. Framtidig langsiktig ivaretaking og berekraftig utvikling av dette unike området vil likevel krevje stor grad av samhandling og koordinering av felles innsats. Ei svært sentral målsetjing med dette arbeidet må difor vere å synleggjere ansvar og oppgåver på alle nivå i forvaltninga samt korleis var enkelt omset dette til praktisk handling og tiltak.

Ein nasjonal og heilskapeleg politikk på dette området vert difor helsa velkomen.

Uttale til høyringsdokumentet.

I det vi syner til oversendt høyringsskriv og utkast til politikkdokument dagsett 29. mars fremjar vi med dette fylgjande merknader, innspel og synspunkt:

Sekretariatet for Vestnorsk fjordlandskap

E-post: post@verdensarvfjord.com

Web: www.verdensarv.com

Generelt.

Miljøverndepartementet (MD) signaliserer i høyringskrivet at resultatet frå dette arbeidet skal innarbeidast i ei ny stortingsmelding om kulturminne. Dette er diverre ikkje godt nok. Arbeidet med verdsarven strekkjer seg etterkvart over mange interesser, sektorar og styresmakter. Dette er nasjonalt politisk nybrottsarbeid med eit vidtfemnande perspektiv. Verdsarven vert halde fram som fyrstårn. Felles nasjonale strategiar, målsetjingar og handlingar for gjennomføring av verdsarvkonvensjonen kan difor ikkje undersnakkast i ei sektormelding, men må gjennom prosess løftast fram og synleggjerast i ei eiga stortingsmelding om Verdsarven. For naturarven spesielt vert det heller ikkje rett å leggje ein ny heilskapeleg politikk til ei stortingsmelding om kulturminne.

Politikkdokumentet.

4.1 Identifisere verdsarven i Noreg.

Vi støttar MD sine tilrådingar, **men punktet om "...sikre verdsarven vi har i dag" må sterkt vektleggast og prioriterast** i det vidare arbeidet. Det er lite føremålstenleg å nytte mykje ressursar på nye nominasjonar før eksisterande verdsarvobjekt/-område er etablert med operativt regime og ressursar som møter verdsarvkonvensjonen sine målsetjingar. I dette ligg det og at Noreg må ta eit tydelegare ansvar for at verdsarvlista ikkje får nordisk/ europeisk slagside samstundes som ein støttar underrepresenterte og unike nominasjonar.

4.2 Organisering, aktørar og samarbeid.

Verdsarvrådet støttar i utgangspunktet MD sine tilrådingar. Arbeidet med å ivareta og fremje verdsarven involverer mange aktørar og interesser på alle nivå. Samhandling og samarbeid er som nemnt viktig, særleg på nasjonalt nivå. MD har rett nok ei sentral rolle men dette må samstundes ikkje bli noko "kvilepute". Det er umåteleg viktig å ansvarleggjere andre sektordepartement sidan verdsarv er den norske staten sitt ansvar. Sektordepartementa må i mykje større grad utfordrast på eit løysingsorientert samarbeid om verdsarven; kva kan kvar enkelt bidra med av ressursar og kva kan dei gjere for å sikre oppfylgning og gjennomføring av ulike tiltak.

Oppretting av departementa sitt verdsarvutval vil slik sett vere eit stort steg i rett retning. Målsetjinga for dette årlege møtet må likevel gå utover drøfting og informasjon. Konklusjonar frå ein slik møteplass må vidare konkretiserast i ein handlingsplan med fordeling av oppgåver, ansvar og frist for gjennomføring. Møtetidspunktet bør setjast i god tid før arbeidet med neste års statsbudsjett men etter årleg møte mellom statlige styresmakter og repr. for verdsarvområda.

Det er som nemnt i høyringskrivet mange som tek ansvar for både å ta vare på og formidle den norske verdsarven. Eigarane/ grunneigarane er ei særleg viktig gruppe som i større grad må inkluderast og verdsetjast i dette langsiktige arbeidet.

4.3 Lovverk og forvaltningsplan for verdsarven.

Vi støttar MD sine tilrådingar og har elles ingen merknader eller kommentarar til dette punktet.

4.4 Buffersoner.

Verdsarvrådet støttar MD sine tilrådingar og har elles ingen merknader eller kommentarar til dette punktet.

4.5 Overvaking og rapportering.

Det er positivt med målsetjing om å etablerer ein struktur og fast opplegg for overvaking og rapportering i høve til utviklinga i /av verdsarven. Rutinane må som nemnt vere enkle og praktisk handterleg i kvardagen, viktig å halde fokus på bruk av tilgjengeleg teknologi. Elles ingen merknader til dette punktet.

4.6 Senter for verdsarven.

Verdsarvrådet støttar i stor grad MD si tilrådingar under dette punktet. Når det gjeld finansiering må likevel staten ta eit større ansvar enn det som er skissert i høyringsdokumentet. Verdsarven representerer det framifrå flottaste og mest unike vi har av natur- og kulturkvalitetar; ”Fyrtårn” er eit omgrep som går att i mange dokument og samanhengar.

Det kan aldri bli mange verdsarvobjekt eller – område noko som igjen tilseier at det vert relativt få verdsarvsentra i Noreg. Dei få som vert etablert må difor løftast opp og fram tilsvarende statusen objektet eller området har og sikrast nasjonal økonomi til både etablering, der det er aktuelt, og til årleg drift. Staten sitt økonomiske engasjement bør etter dette vere inntil 80% til drift og 50% til investering av senterdelen.

Noreg som statspart til verdsarvkonvensjonen bør i samarbeid med Vestnorsk fjordlandskap ha som vidare målsetjing å ta ein internasjonal posisjon i høve til formidling og kompetanse på fjord og fjordlandskap.

Utover dette vil vi med tilvisning til høyringsskrivet, siste del: ” *Spesielt viktige tiltak vil bli fulgt i løpet av nærmeste framtid*” sterkt oppmode MD om å ta stilling til Vestnorsk fjordlandskap - Geirangerfjorden sin søknad om verdsarvsenter.

4.7 Formidling.

Eit viktig punkt kor det utover målsetjinga med felles strategiar for formidlingsarbeidet blir særskild viktig å utarbeide ein plan/ framdriftsplan som gjer greie, for igjen, fordeling av oppgåver, ansvar for gjennomføring og kven som stiller med ressursar.

I høve skilting ved veg er det særskild viktig av vegstyremaktene si nasjonale rolle andsynes verdsarven vert klargjort. Det er td. eit opplevd paradoks i område med både verdsarv og nasjonal turistveg at turistvegen ser ut til å ha sterkare prioritet og høgare status med omsyn til skilting og vegformidling.

Vi har elles ikkje merknader til dette punktet.

4.8. Kunnskap og kompetanse.

Utover MD sine tilrådingar må det vere ei målsetjing å etablere og tilby eit utdanningsopplegg for verdsarvkoordinatorar som i høve til kompetanse byggjer ein felles ståstad i det dageleg arbeidet.

I tillegg bør utdannings- og forskingsinstitusjonar i større grad bli oppmoda om å nytte verdsarven som ”forsøksfelt” eller case kor tilnærminga er breiare enn berre fokus på natur- og kulturverdiar. I og med at fleire verdsarvområde etter kvart dekkar busette bygder og grender bør verdsarven sin evt. verknad på lokalsamfunnsutviklinga studerast nærare.

Elles ingen merknader eller kommentarar.

4.9. Skule og utdanning.

Dette er eit særdeles viktig punkt. Vi vil her særleg framheve kor viktig det er at verdsarven vert ein naturleg del av undervisningskvardagen i barne- og ungdomsskulane generelt og hjå ”verdsarvskulane” spesielt. Vidare er det og viktig at dei regionale vidaregåande skulane og høgskulane som soknar til verdsarvområda får støtte til å etablere/ styrke sitt utdanningstilbod på verdsarv og berekraftig utvikling. Stranda vidaregåande skule og Høgskulen i Volda er døme utdanningsinstitusjonar som har satsa på verdsarvprogram i sitt tilbod.

Vi støttar elles MD sine tilrådingar.

4.10. Internasjonalt samarbeid.

Verdsarvrådet støttar MD sine tilrådingar og har elles ingen merknader eller kommentarar til dette punktet.

4.11 Verdiskaping

Verdsarven har ofte hatt stor verdi for lokalsamfunna lenge før området eller objektet fekk verdsarvstatus. Slik sett er det viktig å oppretthalde/ styrke det lokale eigarskapet og stolheita til verdsarven. Dette vil kunne sikre framtidig forvaltning og ivaretaking av verdsarvverdiane. Samstundes må dei same verdsarvverdiane kunne vere kjelde for berekraftig utvikling.

Vår verdsarv har fleire små lokalsamfunn som er svært viktige for verdsarvstatusen. Dette er område som i dag er sårbare i høve til fråflytting. Eit viktig tiltak mot fråflytting er etablering av arbeidsplassar. Stadig fleire ynskjer å skape sine egne arbeidsplassar med utgangspunkt i lokale ressursar og verdsarvstatusen. Nærøyfjorden Verdsarvpark si deltaking i Riksantikvaren og Direktoratet for naturforvaltning sine verdiskapingsprogram har ført til eit auka fokus på vern og bruk av verdsarven på ein berekraftig måte. Til dømes kan Verdsarvparken si ”*Verktøykasse for vertskap*” vere med på å gjere lokale næringsdrivande meir medvitne om verdiane i området, gje råd til korleis dei møter besøkjande og korleis ein nyttar verdsarven på ein berekraftig måte. I tillegg har dei i sitt prosjekt hatt fokus på istandsetjing av verneverdige bygg i verdsarvområdet og hjulpet eigarane med søknadsskriving og praktiske råd om istandsetjing og bruk av bygningane. Dette er tiltak som bidrar til verdiskaping lokalt og som det er ynskjeleg vert vidareført også etter at verdiskapingsprogramma vert avslutta.

MD legg opp til at verdsarven skal prioriterast høgt i ny strategi for verdiskaping knytt til natur- og kulturarven. Det er vel og bra, men igjen må ein unngå at dette vert ein sektorstrategi. Dette må i så tilfelle bli ein felles nasjonal strategi som samlar og tek føre alle relevante tema som omhandlar mulig verdiskaping med grunnlag i natur- og kulturverdiar. Ideelt sett bør alt som omhandlar verdsarven finnast i eitt strategidokument. Alle sektorar må difor involverast og igjen ansvarleggjerast i prosessen kring utforminga av strategi og målsetjingar. Like viktig som strategien, og kanskje viktigare, er få på plass ein handlingsplan som syner den enkelte sektor/ forvaltningsnivå sitt ansvar og kva dei kan bidra med av økonomiske og gjerne juridiske virkemiddel for å sikre gjennomføring og måloppnåing.

Samordning av, eller i det minste ei samla oversikt over, finansieringskjelder og tilskotsordningar som støttar initiativ og tiltak vil og vere viktig i denne samanheng og for den praktiske kvardagen til verdsarvinnbyggjarane.

Med helsing

Marta F. Halset
Leiar Verdsarvrådet
Vestnorsk fjordlandskap
(Sign.)

Jan Ove Tryggestad
Nestleiar Verdsarvrådet
Vestnorsk fjordlandskap
(Sign.)

Kopi (pr. e-post):

- Aurland kommune.
- Lærdal kommune.
- Vik kommune.
- Voss kommune.
- Fylkesmannen i Hordaland.
- Hordaland fylkeskommune.
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- Norddal kommune.
- Stranda kommune.
- Møre og Romsdal fylkeskommune.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Riksantikvaren.
- Direktoratet for naturforvaltning.
- Katrin Blomvik, sekr. Geirangerfjorden.